

BREV OM AREALDISPONERING I MELAND KOMMUNE

MELAND KOMMUNE
v/Planavdelingen Kristin Omdahl.

Espetveit, 10.10.2014

Frå Oppsitjarane av eigedomen gnr 40 og brnr 5 i Meland Kommune
Ragny og Tor Maaseiede og Inger Espetvedt

I h til Plan og Bygningslova og Kommunens rullerande plan, søker vi om å ei omdisponering av nokre av areala. Eigedomen er i dag definert som LNF område etter gjeldande plan. Unntaket er eit næringsområde til formål utvinning av kvit leggestein, skravert med brunt i gjeldande plan.

Fylgjande punkt frå 1 - 4 syner kva areala er teinkt som formål.

1. Areal kalla "Hushaugen" ca 15 da er teinkt utnytta som spre bebyggelse. Tilstøtande areal gnr 40 brnr 1 og 4, vil ut frå "Hushaugen" sitt naturlege terreng og beliggeheit, framføra både veg, vann og avløp som denne eigedomane kan nyttigjere seg i samarbeid. *DESSÉ*

Det er teke initiativ til å opprette ein velforening, som skal ha til formål å ivareta eigedomane og kulturlandslandskapet for Hushaugen. Samtidig vil foreninga ivareta ei heilheitleg løysing for arealdisponeringa.

2. Areal som godkjent disposisjonsplan i h til gjeldande plan syner, med to delt rekkehus med totalt 6 husvære. Arealet utgjer ca 10 da, skravert inn.

2.1.

Restarealet ca 40 da ynskjer vi å anlegge eit Holsitic Ecohouse helse og kurhotell, plassert inntil skråterreng for best utnytting og å dempe bygghøyden i forhold til annan bebyggelse og distanse derifra. Parkanlegg m/jordvoll vert anlagt og parkering er teinkt lagd mest mogeleg skjerma.

Utfyllande informasjon:

Holistic Ecohouse AS er eit selskap som er oppretta for å ivareta å bygga helse hus. I tillegg helse kur klinikkar som eit Helse-Hotell tilbud. Teknologien er basert på grunderen Thomas Aksnes sine rettigheter som i dag har 202 klinikkar verda over og som han har ansvaret for. Han har og ein klinikk i Bergen, kalla Helth Optimising, der det kjem pasientar frå heile verda for behandling. Ei etablering på Espetvedt i Meland, vil med dette kunna skapa betydelege arbeidsplassar, minimum 15 opp til 25, kanskje meir, slik vi vurderer det. Enpro-Tec AS er 50 % medeigarar i dette selskapet. Området vil passe godt til eit slikt tiltak, jfr befarig, med naturen rundt på alle kantar og utan forstyrrande faktorar med hensyn til pasientane. Bygningsmassen vil verta eit Pilotanlegg, både med hensyn til helse relasjonar, miljø og tekniske løysingar, samt sjølvberande med energi og lukket brunt vann system. Ingen eksterne tilkoblingar er nødvendig. Anlegget vil framstå som spesielt og ha stor lokal interesse samt betydelig internasjonal interesse, jfr informasjonen.

3. Areal mellom vegkryss til formål næring ca 5 da, tilrettelegging av teinkt barnehage eller annan næring. Forslaget til nedsatt fartsgrense fra Statens Vegvegsen ser vi positivt på, som igjen vil føre til tryggere veg, støyreduksjon og generell betre trafikksikring. Forslaget vil og kunne føre til at prioriteringen av ny oppgradering av vegtraseen skjer raskare.

Manglande fyllmassar i arealet i dag, vil fortsatt fylles opp av overskotsmassar frå steinbrudd uttak av leggestein, jfr pkt 4, og vil verta god oversiktleg tilkomst med mulig utvidelse av vegkryss, for optimal trafikksikkerheit.

4. Innskravert definert som "Åsli Steinuttak" er allereie godkjent som næringsareal. Kartet syner ikkje dette arealet, men er allereie med i tidlegare arealdisponering.

Samandrag:

Vi tek særlege hensyn til saman med Meland Kommune, å få til ei heilheitleg

planløsning og utnyttelse av areala. Dette til beste for gode samfunnsmessige løysingar med framtidsretta profil, jfr Bjørn Espetveit si pådrift før.

I næringssammenheng vil pkt 2.1, 3 og 4 medføre betydelige flere arbeidsplasser, totalt vurdert opp mot 40. Dette er 100 % miljøvennlige etableringer. Utleienæringen i dag i privat / familieregi. Det vil være formålstjenlig å opprette et driftsselskap som vil generere 2 arbeidsplasser, noe som er under planlegging.

Vi ser med stor interesse til å få tilbakemeldinger på vårt innspel, der vi ynsker å få eit godt samarbeide med Kommunen ved våre fremtidige forslag til tiltak. Vi vil og vere lyhøre for evnt omplassering av areala, om det tenar formåla best.

Se vedlagt kart, der areala er innlemma med raud og blå. Farge grønt i gjeldende plan.

Med helsing


Familien Maaseide / Espetvedt


Enpro Tec AS
Utbygger

[Sikkert tekst skjult]